


Returdresse:
Pirion
Næringsbedet
i Vatlandsvåg
4235 Hebnes
N O R E G



www.pirion.no

nr. 7 - 2009
PiRion
- kulturavis for barnehagar og skular

PIT PARION

Orda som forsvinn

Det er eit kulturmøte eg er vitne til, når eg høyrer Helene, 4 år, synga «Cola, cola, blakken» i staden for «Fola, fola, blakken».



TRUDE HOEL ER:
universitetslektor ved
Nasjonalt senter for
leseopplæring og lese-
forskning, Lesesenteret,
ved Universitetet
i Stavanger

Helene bruker ord ho kjenner, for å gje teksten meining. Når barn møter eldre songar og bøker, får dei høyra om saker og ting som var vanlege før. Men dette er ikkje nødvendigvis forståeleg for barna. Derfor bruker dei sitt moderne referanseunivers for å gje orda og tekstane meining.

Eg las Rasmus på loffen av Astrid Lindgren saman med døtrene mine. Eg starta med å lesa tittelen høgt medan

eg heldt framsideillustrasjonen opp: «Kva trur de denne boka handlar om då, jenter?» Tilde, 6 år, tenkte seg om ei lita stund før ho svara: «Kanskje det er ei bok om ein liten mann som bur på ein loff? Kanskje han heller vil bu på eit anna brød? Eg ville helst budd på eit grovbrød med sirup!» «Ja!» samtykka systera på 4 år. «Eller på focaccia med havsalt!» Kva tyder eigentleg på loffen? Det er ikkje eit omgrep eg heller er van med å bruka. Det har jo strengt tatt ikkje noko å gjera med brød – korkje tradisjonsbrød eller (i Noreg) meir moderne brød. Med hjelp av ordboka og utprøving på kjøkken-golviet kom me til slutt fram til at å gå på loffen er ein heilt spesiell måte å gå på.

Er desse orda som forsvinn ut av språket vårt, eit signal om at me bør skifta ut dei gamle songane og bøkene og heller velja tekstar som barna har betre grunnlag for å forstå? Nei, meiner eg.

Nokre bøker og songar er så gode at dei toler tidas tann, og desse tekstane kan gjerne formidlast til barn som veks opp no. At språket endrar seg, og at barna møter omgrep som dei ikkje har referansar for å forstå, gjev – slik eg ser det – ein gylden sjanse til å snakka om språk og kultur med barna. Det er gjennom samtalar om språk at barna lærer å kjenna språk: Korleis ord får meining, og korleis meining kan endra seg over tid. Slike samtalar om språk og språkleg variasjon føreset sjølvstøtt at me har tid og lyst til å snakka med barna, og at me ser verdi i undringa og tankane deira.

Me skal ikkje kasta alle gamle tekstar. Resultatet av slike kulturmøte kan vera at me alle blir rikare, både på forståing og ord. Jentene mine elsker Rasmus på loffen, og no har dei utvida ordforrådet sitt med eit ord for slenrande og mål-laus gange: Me loffar av garde!

Ole Brum,
Ola Tveiten eller Barbie,
kor hentar barna
opplevingar frå?

PiRion-kurs Les meir på
www.pirion.no

PiRion

Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no

PIRION ER STØTTA AV NORSK KULTURRÅD, FAGFORBUNDET OG LNK PIRION 7/2009, 10. årgangen – ISSN 1502-3036 Utgivar: Stiftinga Pirion Adresse: Pirion, Næringsbedet i Vatlandsvåg, 4235 Hebnes Tlf: 52 79 04 82, faks 52 79 04 81. Heimeside: www.pirion.no Ansvarleg redaktør: Astrid Eidhammer Hjelmeland, tlf 52 79 04 84, mob. 97 19 47 88 E-post: pirion@norsk-plan.no Korrektur: Dag Gjerde Formgeving: Salikat Design

Ellen Andersen vil inspirere barna til å skape. © Judith Sørhus Lillehamar



Fargeglad magi

I Bekketunet barnehage skapar dei magiske stunder med form og farge.

TEKST OG FOTO JUDITH SØRHUS LILLEHAMAR

– Kan det regne sol, går det an?, undrar atelierist Ellen Andersen i Bekketunet barnehage. Bordet er dekket med papirduk med glitter og måling i alle fargar. Ellen tek den gule flasken fram og snur den på hovudet. Barna rundt bordet ler frydefullt når fargen landar på

bordet. Jo, jammen kan det regne sol. Små hender blandar, klattar og lagar vegar i den blå-gule-lilla-grøne fargen. Nokon har til og med laga sitt eige hus og har eigen bil. Det handlar ikkje alltid om det du skapar, men like gjerne om korleis du gjer det.

- Kan tenne gneisten

I Noregs største barnehage, Bekketunet i Stavanger, har dei egne atelieristar. Ellen Andersen har saman med Erna Abotnes ansvaret for å stimulere til leik med form, farge og språk. Det handlar om å skape kreativitet. På veggene heng bilete, måleri og teikningar. Vindauga er målte i alle slags fasongar og fargar, mange av dei etter den årstida me er inne i. Til dømes prydar to paraplyar det eine vindauga, og eit tre i nabobygget får farge og bladverk etter årstida. På vintren vert det til og med måla snø på treet. I eit tredje vindauga heng eit grønt eple, så ekte at ein nesten får lyst til å bite i det. Og i glasskarmen står det måleri på rad og rekke, bama i Bekketunet har nemleg ei årleg kunstutstilling.

— Då overfører me barnet si teikning over på eit større lerret, og så hjelper me dei med å måle det ferdig. Gjerne med ein liten tekst på, seier Ellen.

— Det handlar om å gi bama eit verdi grunnlag. Klarer me å skape kreative ungar får dei ein god ballast med seg vidare. Me kan tenne gneisten. Barn som er kreative, blir ofte flinke til å sjå løysingar på problem, meiner Ellen.

Barnehagen er ikkje ein Reggio Emilia-barnehage, men enkelte avdelingar er sterkt inspirerte av filosofien frå Italia.

Grunnleggjaren av filosofien var



Lars (6) leikar med form og farge.



Kerim (5) og Habibe (4) får boltre seg i alle fargane.

barnepsykolog og pedagog Loris Malaguzzi. Han var barnehageleiar i Reggio Emilia frå slutten av 60-tallet og fram til 90-talet. Filosofien er basert på at barn lærer av å konstruere sin eigen

kunnskap saman med andre barn og vaksne. Pedagogen si rolle vert då å leggje til rette for mest mogleg utvikling.

— Dersom eit barn til dømes har ei enorm interesse for gravemaskinar, så reiser me kanskje ut for å sjå ekte gravemaskinar, me les om dei og finn informasjon på nettet. Slik får barnet lov til å dykke ned i eiga interesse, seier Erna.

- Kunst gir språkutvikling

Undring er viktig i Bekketunet. Undring og den gode samtalen. Kvifor er det slik? Kvifor går ikkje det an?

— Sidan eg har sjansen til å jobbe med få barn om gangen, er eg nøye på pedagogogen si oppgåve, nemleg å lytte, stille spørsmål, utfylle med egne, ærlege kommentarar og vise med heile kroppsspråket mitt at dette interesserer meg. Det er viktig å oppmuntre dei til å setje ord på kjenslene. Husk, me er ulike ut frå kven me er og kva erfaringar me har, seier Ellen.

Og det sterke fokuset på kunst og kultur er ikkje noka sperre for å kome seg gjennom alle fagområda, meiner dei to.

— Det estetiske er viktig. Mange låser seg diverre fast i alle fagområda. Men viss du brenn for kunst og kultur, kan du lett vere innom alle saman, seier Ellen og held fram:

— Viss me til dømes sit med lysbordet vårt og leikar med steinar, kan eg be barnet kome med fire kvite steinar. Då har me jo plutsleg matematikk. Eller språkutvikling. Eventyr, rim og regler er ein viktig del av arbeidet vårt.

— Barn treng kreative vaksne. Vaksne som utfaldar seg, skaper liv og driv i sosiale situasjonar og former materiale

Bekketunet barnehage, Stavanger

Mange av avdelingane er inspirerte av Reggio Emilia-filosofien, som seier at pedagogane skal leggje til rette for at barnet kan fordjupe seg i egne interesser. Barnehagen satsar også på kunst og kultur og har blant anna tilsett atelieristar for å stimulere til å skape med form og farge.

så vel som miljø, slår ho fast.


Ho har alltid ei regle som passar for kunstprosjektet eller for det enkelte barnet.

— Alle veit at song og musikk skaper språkutvikling, men ein skal vere merksam på at formgjeving også gjer det. Det er synd det ikkje blir brukt meir rim og regler, det er jo formidling av rein kulturarv, held Ellen fram medan ho diktar små historier på bordet med fingermåling. Plutsleg har ho teikna seg ein stor tekopp på bordet og inviterer til selskap. Og når vesle Anna går forbi, kjem regla: Lille Anna spurte mamma/om å få en kopp te./ Hun fikk te.../men ikke skje, / det var slemt av mamma det.

Satsar på gjenbruk

Ellen skal inspirere dei tilsette i heile barnehagen til å bruke meir form og farge, til å våge å gjere nye ting. Ofte vert ho invitert rundt på avdelingane for å skape kunst og gi rommet det vesle ekstra.

— Eit godt råd er å skape magiske



Vindauga vert dekorerte etter årstidene

Kjekk kar, kommer og går med fyrstikklegger og korkelår, med håndtak i ryggen og rutete hår.

Rim og regler frå Ellen Andersen:

stunder. Det treng ikkje koste så mykje eller vere så vanskeleg. Men prøv gjerne å få til mindre grupper, slår ho og Erna fast.

Ved bordet står ein gamal stol som bama har byrja å lappe saman med fargerike stoffremser. Gjenbruk er viktig i Bekketunet, ting kan brukast opp att. I staden for å reise til IKEA for å kjøpe nye syltetøyglas kan ein invitere foreldre og andre til å kome innom med ting dei har

til overs. I taket heng gamle blekkboksar målte i glade fargar.

— Eg likar ikkje å kaste ting. Barna treng å lære at me ikkje alltid treng å kjøpe noko nytt. Men det er vanskeleg, det er jo ikkje skomakarar igjen, for å seie det

slik, seier Ellen.

Ute i gangen heng bilete av borna, alle med ein artig kommentar skriven under.

— Humor er viktig, slår Ellen fast.

Bekketunet barnehage har kvart år ei kunstutstilling.

- Hundre nasar

Det er tid for å vaske etter fingermålinga. Kerim (5), Habibe (4) og Lars (6) har farga både seg sjølv og kvarandre. No rullar, riv og pakkar dei saman papiret slik at det blir ein rund ball som

blir god å kaste i søppelbøtta.

— Å nei! ropar plutsleg Ellen: har eg vaska vekk nasen min? Har eg det?

— Nei, ler barna.

— Du har fått hundre nasar, smiler Lars

— Hundre nasar? Det går ikkje an? Gjer det ?, undrar Ellen med store auga.

TIPS:

- Prøv å ha mindre grupper med born i formgjeving.
- Bruk det barnehagen har tilgjengeleg
- Berre fantasien set grenser.
- Still undrande spørsmål undervegs i prosessen. Kva kan me til dømes gjere med ein gamal og slitt stol?
- Skap enkle, men magiske stunder.
- Inspirer personalet til å bli meir kreative.
- Besøk andre barnehagar for å sjå kva dei har fått til.

(Kjelde: Erna Abotnes og Ellen Andersen i Bekketunet barnehage)

